

Grunngjeving for berekning av anløpsavgift - kostnader til farlei og utøving av offentleg mynde etter hamnelova.

Kostnader som utgjer berekningsgrunnlaget for anløpsavgifta

Kostnader relatert til personellressursar og desse si utøving av tenesta.

Ein finn at 35 % av kostnadane som relaterer seg til dei 3,5 faste stillingsheimlane vert nytta til tryggleik, framkome og utøving av offentleg mynde

Dette omfattar fylgjande kostnadsarter:

Art. 10100 fast lønn
Art. 10130 regulativbestemte tillegg
Art. 10300 regulativbestemte tillegg
Art. 10910 pensjonsinnskot KLP
Art. 10990 arbeidsgjevaravgift
Art. 11601 skyss og køyregodtgjersle
Art. 11603 kost og diettgodtgjersle.
Art. 11705 ikkje oppgåvepliktige reiseutgifter.
Art.11851 forsikring personell

Alle aktuelle stillingsheimlar er delte i den forstand at ingen berre utfører oppgåver som kan dekkjast gjennom anløpsavgift. Alle utfører også andre oppgåver. I tråd med krava etter relevant lovgiving vert det gjort ei skjønsmessig fordeling av kor stor del av desse lønskostnadene som knyt seg til oppgåver som vert dekt gjennom anløpsavgift, jf. kommunaldepartementet sine retningsliner for sjølvkostkalkyler kap. 3.1.1 (s. 12 og Kystverket sin rettleiar kapittel 16.4.4 (s. 99 og 100).

Stranda hamnevesen KF utfører Stranda kommune sine oppgåver etter hamnelova. Dette inkluderer oppgåver knytt til tryggleik og framkome i farlei og hamnebasseng, og utøving av offentleg mynde etter hamnelova:

- Utarbeiding og handheving av forskrift om anløpsavgift og forskrift om orden i hamner og farvatn for sjøområdet som omfattar Stranda, Hellesylt og Geiranger (i dette ligg også kontakt med økonomikontor, kommuneadvokat og kommunerevisjon relatert til relevante oppgåver)
- Ansvar for tilsyn med kaier og hamneanlegg i sjøområdet, jf. hamnelova § 40(3)
- Overordna ansvar (inkludert planlegging av) tryggleiks- og framkomerelatert oppsyn i kommunen sitt sjøområde og i hamnene (jf. hamnelova §§ 4, 9 og 25), inkludert både den kontroll med anløpslister som er naudsynt for i varetaking av desse oppsynsfunksjonane og assistanse til Kystverket i samband med sistnemnde si ankerplanregulering og ankertilvising i Geiranger hamn.
- Oppfylging relevante deler av driftsavtalar med private (sjå under for informasjon om innhaldet i driftsavtalane)
- Relevant budsjettarbeid og rekneskapskontroll (berekningsgrunnlag for anløpsavgift, etterkalkulasjon)
- Statistikk- og rapportføring i medhald av hamnelova § 5

- Opplæring og oppfølging av deltidstilsette med tanke på oppgåvene dei utfører knytt til tryggleik, framkome og utøving av offentleg mynde

Ein legg til grunn at ein tilsvarande del av reiseutgifter, skyss- og køyregodtgjersle kan relaterast til ovannemnde oppgåver. Desse utgiftene må sjåast i lys av at hovudkontorstad er i Geiranger, med avdelingskontor er på Hellesylt og med kommuneadministrasjon på Stranda. Avstandar i sjøområdet og mellom hamnene påverkar også utgifter knytt til det fysiske tilsynet. Sjøområdet strekk seg frå grensa mellom Stordal og Stranda inst i Storfjorden til Sunnysfjorden og Geirangerfjorden, og inkluderer kommunale hamner i Geiranger, på Hellesylt og på Stranda. Det vert og brukt båt i samband med tilsyn.

Oppgåvene over vert utført av **hamnesjef** (overordna ansvar) **driftsleiar og assisterande driftsleiar**. Prosentatsen er basert på ei totalvurdering av hamnesjef, driftsleiar og ass. driftsleiar sine oppgåver. Hamnesjef har fleire oppgåver enn driftsleiar knytt til utøving av offentleg mynde etter hamnelova, medan driftsleiar og ass. driftsleiar har noko fleire utøvande oppgåver relatert til tryggleik (safety) og framkome.

Art. 10300 Ekstrahjelp og deltidstilsett knytt til Hellesylt Kai

Det vert lagt til grunn at 25 % av lønskostnadane til deltidstilsette direkte i hamnevesenet går til dekning av kostnader som kan dekkjast gjennom anløpsavgift. Dette vil for ein stor del relatere seg til gjennomførings- og oppsynsfunksjonar knytt til tryggleik (safety) og framkome på Hellesylt, inkludert fjerning av eventuelle gjenstandar i farvatnet og 24-timars vakttelefon. Dei deltidstilsette vil stå for den daglige handhevinga av forskrifter om anløpsavgift og om bruk av og orden i farvatn og hamner.

I utføringa av ovannemnde gjennomførings- og oppsynsfunksjonar relatert til tryggleik og framkome skal dei deltidstilsette mellom anna:

- Peike på feil og manglar dersom avvik og melde frå umiddelbart til overordna eller sørgje for at enkle avvik vert utbetra.
- Sjekke at skilting og merking som har tryggleiksfunksjon er tilfredsstillande, typisk på kaier og pullertar.
- Alltid lytte på VHF 16/ 13 for relevant informasjon om skipsrørsler mm.
- Vere informert om kva ankerposisjonar og kaiplassar som til ei kvar tid er i bruk.

Relativ del av andre kostnader

Art. 10509 honorar

5 % : Gjeld bruk av innleigd personell til relevant kontorstøtte, til dømes føring av statistikk i medhald av hamnelova § 5.

Art. 11210: verneutstyr og kle 5 %

Art. 11215: driftsmateriell 25 % - er sett i null for 2019

Innkjøp kle til tilsette, verneutstyr og driftsmateriell til utstyr og bygningar som er til felles bruk, og inkludert i oppgåvene som kan dekkast gjennom anløpsavgift.

Art. 11220 andre driftsutgifter

25 % : Kontorrekvisita til hamnesjef, driftsleiar og ass. driftsleiar sine kontor i Geiranger og på Hellesylt.

Art. 11301 telefontenester

35 % : Det vert lagt til grunn at telefonutgiftene til hamnesjef, driftsleiar og ass. driftsleiar kan dekkast etter same prosentsats som lønsutgiftene.

Ein del av utgiftene til heildøgns vakttelefon kan også dekkjast gjennom anløpsavgift, jf. at desse er relatert til tryggleik (safety) og framkome.

Art. 11302 datakommunikasjon

20% : Informasjon på websider om ankerplan, anløpsavgift og forskrift om bruk av og orden i hamner og farvatn. Oppdatering av informasjon i og bruk av Shiplog og SafeSeaNet.

35% : Utgifter knytt til å utarbeide priskalkulator på internett, som også gjev informasjon om anløpsavgift.

Art. 11400 annonseutgifter/ høyring – sett i null for 2019

10 % : Relativ del av annonser i samband med utlysing av forskrift anløp.

Art. 11800 energi

20 %: Straum til vaktbåt og vaktrom på kai og terminal og denne er då lik med GFS-driftsavtalen.

Art. 11900 husleige kontor/ leige av lokale

35 % : Gjeld kontor nytta av hamnesjef og driftsleiar og det vert difor lagt til grunn same prosentsats som deira løn. Straumutgifter er inkludert i husleige.

Hovudkontor Geiranger: leiger 29,4 m2 + fellesareal, toalett og garderober av totalt 294 m2

Avdelingskontor Hellesylt: leiger 20 m2 av totalt 300 m2

Art. 11950 avgifter, gebyr, lisens – tatt ned for 2019

10% : Medlemskontingent i interesseorganisasjon for kommunale hamner, noko som er ei kjelde for informasjon og rådgjeving relatert til tryggleik, framkome og forvaltingsoppgåvene etter hamnelova.

5%: pålagde kommunale avgifter

Art. 12000 inventar og utstyr

100%: Eventuell bruk av vaktbåt til søk i samband medulukkesituasjonar

35%: Inventar kontor hamnesjef, driftsleiar, ass. driftsleiar

15%: Inventar vakthus kai/ terminal

Art. 12310 Vedlikehold av offentlige anlegg – tatt ned for 2019

5%: Gjeld vedlikehald av installasjonar og anlegg knytt til tryggleik og framkome i farleia.

Vedlikehald av kaianlegg og all annan infrastruktur på landsida vert dekt gjennom vederlag.

Art. 12700 konsulenttenester

10%: Gjeld årlig djupnemåling ved kai Hellesylt for å sikre tryggleik og framkome. Djupnemålingar ved kai vert utført for å avdekke eventuelt behov for mudrings- og utdjupningsarbeid i hamnebasenget.

10%: Eventuell bruk av eksterne tenesteytarar i samband med opprydding og vedlikehaldsarbeid i farleia. Arbeidet er realtert til tryggleik og framkome. Innleige av dykkartenester til bruk ved oppreinsking og kontroll av ankerplassar. Stranda hamnevesen KF **tek ikkje** ankervederlag i tillegg.

Art. 12701 juridisk bistand – tatt ned for 2019

5%: Kvalitetssikring av forskrifter om anløpsavgift og orden i hamner og farvatn, med tilhøyrande dokumentasjon, høyring og sakshandsaming. Problemstillingar relatert til handheving av desse forskriftene. Andre vurderingar realtert til tryggleik, framkome og utøving av offentleg mynde.

Art. 13500 kommunar/ kommunale institusjonar

25 % : Utgifter i samband med note 7 i årsrekneskapen om anløpsavgift. Arbeidskrevjande og kompleks rekneskapspost der ein er avhengig av eit tett samarbeid med økonomisjef og kommunerevisjon.

Art. 13800 tenester levert av økonomi- og servicekontoret :

35 % og omfattar:

- rekneskapsføring, lønn
- fakturahandsaming
- IKT-service
- delvis handtering av post og informasjon
- medverknad i samband med utsending av korrespondanse og handsaming av saker i styre og folkevalde organ

Denne bistanden frå kommuneadministrasjon speglar for ei stor grad oppgåvene til hamnesjef og ein legg difor til grunn same prosentsats.

Art. 13700 Driftsavtale med private: 20 %

Kontrakt mellom Stranda Hamnevesen KF og Geiranger Fjordservice AS gjeld levering av driftstenester for hamneområdet i Geiranger, inkludert noko administrative tenester. Ein brukar gjeldande driftsavtale som grunnlag for sjølvkostberekning. Dette inkluderer:

- Oppsyn med tryggleik og framkome i farvatn og hamneområde, inkludert handheving av forskrift om orden i farvatn og hamner og fjerning av hindringar som måtte oppstå i farvatnet. Som ein del av dette inngår heildøgns vakttelefon i hovedsesongen mellom april og september. Oppgåver i kjølevatnet av denne oppsynsfunksjonen vil kunne vere utrykning i samband med ulykker og/eller fartøy i havsnaud, assistanse dersom fartøy kjem ut av posisjon pga ver og vind, problem med anker og trosser og handheving av fartsavgrensing
- Ankertilvising i samband med skipsanløp, jf. ankerplan fastsett i forskrift. I dette inngår både den ankertilvisinga som vaktbåten «Friaren» sjølv står for når Kystverket si losteneste ikkje er til stades og den assistanse som vert ytt til lostenesta på dagar då denne sjølv står for ankertilvisinga
- Fjerning av kablar, stein og anna frå anker osv. Kurante tilfelle som ikkje krev innleige av eksterne tenesteytarar
- Fortøyingshjelp- og tenester
- Drift av kaiteminalar, inkludert vedlikehald og reinhald mm
- Oppgåver i medhald av hamnesikringsplan (security/ISPS): Dette gjeld vakthald i samband med internasjonale skipsanløp, inkludert inngangskontroll til ISPS-terminal og bruk av vaktbåt. Dette ISPS-vakthaldet skal føregå så lenge det ligg internasjonale skip i hamn. Internasjonale skip overnattar sjeldan i Geiranger hamn
- Vaktbåten "Friaren" vert nytta både i samband med oppsyn relatert til tryggleik og framkome, ankertilvising og fortøyingsstenester. I tillegg vert "Friaren" nytta til securitymotivert vakthald i samband med internasjonale skipsanløp

Kostnader til fortøyningstenester, hamnesikring (ISPS/SECURITY) og drift av kaiterminalar (reinhold, vedlikehald mm.) kan ikkje dekkjast gjennom anløpsavgift. Det same gjeld fortøyningstenester levert til skip i samband med skipsanløp. Utgifter som ikkje kan dekkast gjennom anløpsavgift vert dekt gjennom vederlag.

Sjølv om ovannemnde oppgåver etter omstenda vert utført løpande/etter kvarandre, kan det likevel skiljast mellom når ein utfører ulike oppgåver.

Gjennom løysinga av ovannemnde oppgåver har Geiranger Fjordservice AS kostnader til personellressursar, inkludert mannskap på kaiterminal, på vaktbåt og til heildøgns vakttelefon. I tillegg kjem andre driftsutgifter til "Friaren" samt andre utgifter til mannskapshyblar, kost mm.

Trass i at ein kan identifisere når Geiranger Fjordservice AS på vegne av Stranda kommune utfører dei ulike oppgåvene som kan dekkast ved anløpsavgift, kan ein ikkje direkte identifisere kva konkrete kostnader som relaterer seg til respektive oppgåver under driftsavtalen. Dette fordi Stranda hamnevesen KF betaler Geiranger Fjordservice AS eit fast årleg beløp for utføring av oppgåvene under driftsavtalen.

I tråd med kommunaldepartementet sine retningslinjer for sjølvkostkalkyler kap. 3.1.1 (s. 12) og Kystverket sin rettleiar kapittel 16.4.4 (s. 99 og 100), vert det difor gjort ei fordeling av kostnadane Stranda kommune ved Stranda hamnevesen KF har etter driftsavtalen. Dersom ikkje Geiranger Fjordservice AS hadde utført desse forvaltingsoppgåvene på vegne av Stranda hamnevesen KF, hadde hamnevesenet/kommunen måtte løyse desse oppgåvene sjølve, gjennom fleire stillingar og auka bemanning.

På bakgrunn av ovannemnde tilnærming har ein kome til at 20 % av utgiftene kan førast attende til kostnader for å sikre tryggleik og framkome. Sannsynlegvis knyt ein større del av tidsbruken seg til dette og spesielt når ein no har ein vesentlig lengre sesong. Sidan ein får synergjar som fylgje av andre oppgåver Geiranger Fjordservice AS uansett ville ha gjennomført etter driftsavtalen, finn ein å vere varsam i berekninga.

7. november 2018

Rita Berstad Maraak
hamnesjef